



# Raudt



# Velferd og makt til folket

Raudt Høyanger sitt program for kommunestyrevalet 2011

[raudt.no/høyanger](http://raudt.no/høyanger)

[www.pdf-arkivet.no](http://www.pdf-arkivet.no) (2020)

# Raudt sine lokal-politiske hovudmål

## **Auke i folketalet ved å**

- ▶ Vere føregangskommune på oppvekstvilkår, ungdomstilbod og omsorgsnivå.
- ▶ Slutte med årlege budsjettredskjeringar på velferdstenester og -gode. Auka grunnbemanning og verdsetjing av kommunalt tilsette.
- ▶ Få bygt ny hall B som sikrar at Hydro-bemanning og ringverknader endeleg aukar. Hydro har areal og eigenkapital – staten må styre og sikre vasskraft til akseptabel pris.
- ▶ Styrke Psykiatrisk klinikk Tronvik som del av eit betre psykisk helsevern i fylket.
- ▶ Betre vare- og butikktilbodet med å få bygt handelshus i Høyanger sentrum.
- ▶ Ha byggjeklare tomtar både til gjenomgangsleilegheiter og bustadhus.
- ▶ Realisere ungdommen si ønskeliste.

## **Meir velferd utan å betale meir**

Kommunane må få tilbakeført meir av skatte- og avgiftskronene og verdiskapinga. No går pengestraumen motsett veg – frå Distrikts-Noreg, som skapar verdiane, til hovudstaden, til byane sin «vestkant» og til utlandet.

Raudt sine krav er:

- 1) at den raudgrøne regjeringa står ved løfte frå val og frå Soria Moria,
- 2) at AP, SP og SV syter for ein skattepolitikk som skil seg radikalt frå høgresida slik at også aksjeinntekter og kapitalistar blir skattlagt og
- 3) at meir av oljepengane må brukast her i landet.

Dette er nokre av dei endringane som Raudt vil kjempe for. Endringane gjev grunnlag for eit betre kommunalt arbeidsmiljø og meir velferd. Dette er også vilkår for å halde på ungdom og sikre tilflytting. Endringane må sikrast utan at det blir dyrare for folk flest som lever på vanlege lønsinntekter og trygd.

## **Bort med asosiale skattar, eigendelar og avgifter**

Raudt vil ha bort eigedomsskatt på vanlege bustadhus og avgrense den til inntektsgjevande eigedom inkl. utleigebustad-/husvære.

Raudt vil fjerne eigendelane på helse- og omsorgstenester, og kutte radikalt ned på foreldrebetaling for barnehagar og SFO.



# Framtidsretta arbeidsplassar

Raudt vil kjempe for:

## **Statleg styring:**

Regjeringa må presse Hydro til utbygging av ein ny hall B i staden for utanlandsinvestering. Det vil sikre Høyanger si framtid betre enn andre enkelttiltak og redusere globale klimaotslepp med fleire hundre tusen tonn.

## **Statleg kraftkontrakt:**

Regjeringa må sikre billeg kraft til industriarbeidsplassane framfor Statkraft si profittmaksimering og krafteksport. Samfunnsinteresser må prioriterast over slike enkeltbedrifter sine snevre økonomiske interesser.

## **Gjenreising av jordbruket:**

Statlege tilskotsordningar som sikrar

kulturlandskapet gjennom matproduksjon. Eit årsverk i jordbruket må betalast som eit årsverk i industrien.

## **«Fleire bein å stå på»**

Også Høyanger må få etablert arbeidsplassar innanfor nye område for å skape meir varierte og forlokkande jobbtilbod enn kompetansearbeidsplassane i industri, stat og kommune.

## **Likestilling:**

Offentlege arbeidsplassar må verdsetjast like høgt som arbeidsplassane i jordbruk, industri og privat tenesteyting.

## **Miljøkvalifisering:**

Berre verksemder med positiv miljøeffekt skal ha offentleg starthjelp og langsiktig rett til eksistens.

# – For få kvalifiserte lærerarar i Høyanger

– Høyanger kommune har problem med å skaffe kvalifiserte pedagogar. Ved Høyanger skule manglar om lag 20 prosent av lærarane pedagogikkutdanning. Det er tankevekkjande, sa Einar Rysjedal (R) då kommunestyret nyleg vedtok årsplanen for kompetansutvikling i grunnskulen.



Einar Rysjedal



Psykiatrisk dagtilbod blir verande på Dalestova (bilete) inntil vidare og flyttar ikkje ned att til omsorgsbygget når det blir opna att. (Arkivfoto.)

## Blir verande på Dalestova

Høyanger kommunestyre har samrøystes vedteke at psykiatrisk dagtilbod inntil vidare blir verande på Dalestova, i første etasje, og ikkje flyttar ned att til omsorgsbygget når det opnar att etter brannen.

# Ønskjer rekrutteringstiltak for nye pedagogar

Einar Rysjedal i Raudt ogjennomdar Høyanger kommune om å vurdere å tilby saktare billegge og bra bustader, gode lønnsforhold og moglegheit for vidareutdanning og kompetansheving for å stå fram som meir attraktiv enn andre kommunar. (Foto: May Britt Eide.)

Leiar i Raudt Høyanger, Einar Rysjedal, ønskjer ein aktiv debatt og handlingsplan for korleis ein kan rekruttere nye pedagogiske krefter til både skular og barnehagar i Høyanger. Han peikar på lærarmangelen som tidlegare har vore omtala, og etterlyser rekrutteringstiltak frå Høyanger kommune si side.

gare stillt enn andre skular økonomisk, så det må fleire verkemiddel til for å få ryttadanna pedagogar til å velje Høyanger framfor andre kommunar. Vi har ein desentralisert skulestruktur med dei gode det finer med seg, romslege delingslinjer og fine føresetnader for gode arbeidstilhøve, seier Rysjedal til Ytre Sogn. Han meiner eit lærarutval, personalkontora ved skulane, og oppvekst- og kulturutvalet i kommunen burde setje ned ei gruppe som kan dele erfaringar og utvekle idear.

– Slik får ein sett lys på problem-

verkemiddel for å stå fram som meir attraktiv enn andre kommunar. Han fortel at talet på elevlar i kvar klasse kan ha noko å seie for korleis potensielle søkjarar vel. – Det er meir attraktivt med klassar som har ikkje har for høge elevtal. Klassar som har eit lågare elevtal gjev gode arbeidstilhøve for både lærarar og elevlar, seier Rysjedal.

### Uroa for framtida

Raudt er uroa for utviklinga ved at det generelt vert utdanna for få pedagogar sett i høve til dagens



Einar Rysjedal

# Born og oppvekst

Høyanger skal bli ein betre kommune å vekse opp i. Raudt vil derfor arbeide for:

- ▶ Å rekruttere fleire pedagogar ved å skape meir konkurransedyktige arbeids-, bu- og vidareutdannings-tilbod.
- ▶ Fleire lærarstillingar for å sikre at ein når fram også til dei elevane som har lærevanskar.
- ▶ Fleire delingstimar, større ekstraresursar, lågare terskel for bruk av

vikar og maks 15 elevlar per kontaktlærar.

- ▶ Utbetring av ungdomskulebygget slik at det er trygt utandørs.
- ▶ Riving av gamle symjehallen for å skape eit betre utemiljø.
- ▶ Trafikktryggingstiltak – fartsgrenser, synlege gangfelt, gangbruer og så vidare.
- ▶ Vedlikehald av eksisterande leikeplassar.

# Helse, omsorg og sosial

Raudt vil arbeide med desse sakene:

## For betre eldreomsorg

Auka grunnbemanning – både for meir individuelt tilpassa omsorg og for dei tilsette si helse (ei arbeidsmengde som ein kan leve med).

## Endra arbeidstid og løn

Fjerning av ufrivillig deltid og småstillingar ved å auke grunnbemanninga og forsøke 6-timarsdag der forholda ligg til rette. Innføring av likeløn i staden for kvinneløn.

## Samhandlingsreforma

Bruke god tid og avgrense innføringa til

endringar som sikrar helsevinst framfor økonomisk innsparing.

## Sikring av rusomsorg og psykiatritenester

Lågterskeltilbod, sikring av psykiatritenester og oppretting av meir differensierte tilbod. Aktiviseringstiltak, verna arbeidsplassar/-trening og bustadar/bukollektiv med miljøarbeidarar.

## Mot fattigdom

Dei uføre og andre som av ulike gode grunnar treng det, skal ha ytingar å leve normalt av utan å måtte «gå på sosialen».

## Ungdom

Det skal vere godt og trygt å vere ung i Høyanger kommune. Derfor vil Raudt kjempe for:

- ▶ Ei utviding av kulturskulen sine tilbod innan sjangrar som rock, drama og dans.
- ▶ Styrking og utvikling av tilboda ved Høyanger vidaregåande skule.
- ▶ Ein plan for å etterkome/prioritere ungdommen si ønskeliste:
  - Fleire idrettstilbod, konsertar, kaféar, butikkar og arrangement.
  - Betre informasjon, kommunikasjon og miljøfokus.
  - Fleire fasilitetar som strand, treningssenter, tennisbane med meir.

## Kultur og idrett

Kultur og idrett er ein berebjelke i utviklinga av kommunen vår. Derfor vil Raudt kjempe for:

- ▶ Auka støtte til frivillige organisasjonar.
- ▶ Sikring av korpstradisjonen i tettstaden.
- ▶ Oppretthalde opningstidene ved biblioteka.
- ▶ Snarleg etablering av Gunnar S. Gundersen-galleri.
- ▶ Vedlikehald av anlegg og tiltak for idrett og fysisk aktivitet.
- ▶ Skrivning av nyare tids historie for heile kommunen – ikkje berre kom-munesenteret.

Aktiv hundeklubb på Kyrkjebø



Side 8 og 9

**OBS OBS OBS OBS**

Neste avis kjem torsdag 19. mai.  
Ha ei fin 17. mai-feiring!

Helsing **Ytre Sogn**

# Slik har Raudt jobba

I VADHEIM  
23. MAI

## Vil senke fartsgrense på skuleveg i Vadheim



Faksimile frå Ytre Sogn (13. mai 2011)

### Eigne budsjettforslag

Raudt har stilt eigne budsjettforslag – sjølv dei gongene vi veit vi blir nedstemt av AP og/eller dei borgarlege. Dette er eit kjenneteikn på Raudt – når vi er mot noko snakkar vi ikkje mot og stemmer for.

### Samarbeid med dei tilsette

Særleg siste åra har Raudt arbeidd for nærare kontakt med både enkelt-tilsette og deira fagforeiningar. Dette gjer det lettare for oss å prioritere mellom mange gode føremål og seie frå om kor og korleis skoen trykker mest. I to år har Raudt hatt leiarvervet i AMU.

### Tek saka i eigne hender

Raudt reagerer mot at kommuneadministrasjonen av og til er trege med å svare på ønskje frå innbyggjarane. Eit døme er vaimingar sitt ønskje om 30 km-sone på Øyrane. Når Raudt i

slike tilfelle blir kontakta, prøver vi å få fart i sakene.

### Fremjar saker

Raudt avgrensar seg ikkje til nei eller ja til saker frå administrasjonen og formannskap. Raudt har teke opp spørsmål om fortgang i arbeidet for handelshus og for eit rådhus med godtakande inneklima, byggjeklare tomtar, krav om støtte til lokalsjukehusa, mot Gaza-blokaden, heving av sjøkabelen som elles ville bli dumpa, for rekrutteringstiltak som sikrar fleire pedagogar til kommunen, for krav om at leverandørar skal ha tariffavtale med meir.

### Mot ulovleg hemmelegald

Raudt har i tidlegare valperiode måtte gå om Fylkesmannen for å få tilgang til kommunale dokument og for å få stoppa ulovleg lukka møte. Dette har vi heldigvis unngått i siste valperiode.

# Stem Raudt inn på fylkestinget også!



Ingunn Kandal, lærar på Kyrkjebø skule, toppar fylkestingslista vår. Raudt er einaste parti som kan bety noko radikalt nytt på tinget. Raudt vil gjere større forskjell enn om AP og SV vann

eller taper eit mandat. Kandal er særleg oppteken av skulesaker. Når elevtalet går ned og politikarar vil leggje ned skular, vil ho kjempe for dei mindre som til dømes Høyanger vidaregåande skule.

Kandal vil på tinget stå for same konsekvente forsvar av offentleg velferd og for dei tilsette sine interesser som Raudt i Høyanger kommunestyre. Derfor ber vi om di stemme også ved fylkestingsvalet.

Kandal er den einaste politikaren frå Høyanger som kan kome på fylkestinget – kanskje med unntak av Henrik Oppen (APs nr. 9). Dersom du meiner at Høyanger også treng andre på fylkestinget enn Oppen, bør du stemme på Kandal/Raudt.

## Draumen om det nye samfunnet

Raudt sitt mål er eit samfunn der alle menneske i heile verda har like rettar og plikter – uavhengig av bakgrunn, hudfarge og kjønn. Dette er eit samfunn utan klasseskilje, rasisme og stengde grenser.

Utviklinga i dag går i motsett retning - klasseskilja blir tydelegare. Raudt arbeider derfor for eit sosialistisk samfunn der fleirtalet overtek styringa etter prinsippet om utjamning og demokratisering.



# Raudt Høyanger si valliste 2011



**Einar Rysjedal**  
tlf. 992 41 276  
gautekaten@  
online.no



**Randi Aven**  
tlf. 908 81 148  
randi.av@online.no



**Arild Ullebø**  
tlf. 476 30 710  
inganvi@online.no



**Ingunn Kandal**  
tlf. 464 77 723  
inkan@online.no



**Ottar Uglum**  
tlf. 470 50 571  
ottar.uglum@  
eninvest.net



**Anne Marie  
Fimreite**  
tlf. 480 03 673  
anne.marie.  
fimreite@hoyan-  
ger.kommune.no

1. Einar Rysjedal
2. Randi Aven
3. Arild Ullebø
4. Ingunn Kandal
5. Ottar Uglum
6. Anne Marie Fimreite
7. Jan Helge Stølen
8. Eli Gudvangen
9. Anders Myren
10. Jan Sæbø
11. Unni Iversen
12. Per Martin Gudvangen
13. Lisbeth Dregelid
14. Anders Myren
15. Anne-Britt Skjerven
16. Arlen Kvist
17. Egil Michael Haaland
18. Hilde Raknerud
19. Ingunn Eikås
20. Kay-Ole Aven Ullebø
21. Magnar Wøien
22. Mathias Hatlestad Larsen
23. Nicolay Sandvoll
24. Sveinung Austrheim Kvist
25. Vidar Halvorsen.